



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygdinvegen 1989 2940 Heggenes

Torunn M. Robøle
Johan Bojers Veg 10
2816 Gjøvik

Delegert Sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

ROGTOR - 26/6292

Arkiv:

53/1/307/0, L42

Vår dato:

09.06.2026

Saksnr.	Utval
166/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
151/26	Kommunestyret

53/1/307 - Tillatelse til tiltak - Oppføring av gjerde

Tiltak: Oppføring av gjerde
Byggjestad: Gbnr: 53/1
Tiltakshavar: Torunn M. Robøle
Johan Bojers Veg 10
2816 Gjøvik

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningsloven §20-4, jf. §20-1, samt kommunalt delegasjonsreglement, godkjenner kommunedirektøren v/ Leiar næring, plan og byggesak, oppføring av gjerde på gnr. 53, bnr.1, fnr. 307, Synhauglie 78, i samband med søknad og vedlegg.

Følgjande vilkår ligg til grunn for vedtaket:

1. Avfall frå byggearbeidet skal leverast til godkjent mottak. Det er ikkje lov å brenne avfall på eigedommen.
2. Gjerde skal oppførast i tråd med vilkåra gjort i Statskog sitt vedtak i saka datert: 28.05.2026.
3. Gjerde skal til ein kvar tid vere i slik stand at det ikkje kan vere til skade for dyr. Gjerde som ikkje vert vedlikehalde kan få pålegg om fjerning.
4. Torunn M Robøle vert registrert som ansvarleg for tiltaket.
5. Privatrettslege tilhøve er ikkje vurdert.

Saksopplysningar

Tiltakshavar sendte inn søknad om tiltak.

Søknaden beskriv inngjerding av bygningsmasse på eigendomen gnr. 53, bnr. 1, fnr. 307, Synhauglie 78, og grunnlaget for ynskje om inngjerding er for og skjerme bygningar frå beitedyr i området.

Kartet som fylgjer vurderinga gjort i behandlinga til Statskog beskriv eit areal på 200m² eksklusiv bebyggelse.

Eigedomen er registrert i kartet som punktfeste med arealformål fritid.

Eigedomen er og eigd av Statskog og søknaden har vedlagt godkjent løyve om inngjerding etter behandling hos dei. Denne er datert: 28.05.2026.


Vurdering

Tiltaket er vurdert som tiltak utan ansvarsrett.

Søknaden syner eit inngjerda område på om lag 200m² eksklusiv bebyggelse på eigedomen.

Eigedomen er styrt av føringane i Arealdelen til Kommuneplan 2016-2028 som lyder:

Gjerde: Oppføring av gjerde i desse områda er søknadspliktig. Det kan bli gitt løyve til å gjerde inn inntil 300 m² på kvar eigedom. Det skal setjast vilkår om estetisk utforming og vedlikehald og tilsyn for å unngå skader på bufe. Grinder skal slå utover. Oppføring av elektriske gjerde er forbode.



Figur 1 situasjonskart syner inngjerding.

Tiltaket er vurdert til å vere innanfor føringane i aktuell plan, og vi legg som vilkår at Statskog sine føringar for utforming og vedlikehald for gjerde skal fylgjast.

Statskog sine føringar i sitt vedtak er:

Statskog gir tillatelse til inngjerding på følgende vilkår:

- *Gjerde settes opp med plassering slik kartskissen på neste side viser. Inngjerdet areal inklusiv bebyggelse tilsier ca 390 m².*
- *Av gjerdemateriale skal det benyttes trevirke, dvs skigard, stakittgjerde eller plankegjerde.*
- *Maksimal lysåpning mellom skie/bord/planke skal være 7 cm.*
- *Gjerde skal være minimum 100 cm høyt.*
- *Grinder skal slå utover.*
- *Grinder og lee skal stå åpne i vinterhalvåret.*
- *Gjerde skal ikke være til skade for vilt og beitedyr, og skal holdes i god stand.*
- *Beiteretten eksisterer innenfor inngjerdet areal.*
- *Dersom det skulle bli betydelig mindre eller ingen beitedyr i området vil vi kunne kreve at gjerde skal fjernes ved 6 mnd varsel.*
- *Ved mislighold vil gjerde bli krevd fjernet på kort varsel på hytteeiers bekostning.*
- *Tiltaket krever også tillatelse fra kommunen*

Teikningsdokumentasjon

Løylvet er basert på teikningar med journaldato 29.05.2026.

Føresetnader med heimel i lovverket

1. Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løylvet er gjeve, fell løylvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.
2. Bygningen/ tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det dette løylvet føreset.
3. Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.
4. Det er tiltakshavar sitt ansvar å sjå til at bygget blir oppført i tråd med føresegn i plan- og bygningsloven med tilhøyrande teknisk forskrift og dimensjoneringsstandardar.
5. Mindre endringar undervegs må normalt avklarast med kommunen på førehand. Om tiltaket inneheld korreksjonar ut frå godkjente teikningar, så må desse visast fram ved søknad om ferdigattest.
6. Ingen bygning eller anlegg kan takast i bruk utan at det ligg føre anten midlertidig bruksløyve eller ferdigattest frå kommunen, jf. pbl § 21-10.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova.

Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar.

Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Tore Rogne
Saksbehandler bygg

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.

Kopi til:
Statskog

Søren R. Thornæs 7801
Vei 10 PB 63
sentrum

Namsos